



Når kjem det brøytestikker her?

**Sundag kom den fyrste frosten med glatte vegar i bygda og særleg oppover dalen- Fylket kom med strøbilen og salta sine 7,5 kilometer, dei snudde så og kørde ned dalen igjen. opplysar Møyfrid Kristoffersen. Resten av vegen, der kommunen har ansvaret, skjedde det ikkje noko med sjølv om det var like glatt der.**

Møyfrid minnar om at ho før har stilt spørsmål om kor lenge kommunen har inngått avtale med noverande kontraktør og om muligheita for samarbeid med fylket om desse 900 metrane i enden av dalen. No ber ho om snarleg svar på dette.

Ho ber også at kommunen ikkje ventar lenger med å få opp brøytestikkene. Ho har aldri høyrte om at det må vera frost i bakken før dei kjem på plass- Å venta lenger er ein risikosport, meiner ho. Det kører skulebuss der kvar dag og fleire gonger kvar dag og dette er eit område som er brattare og har meir snø enn lenger nede.

Av Ola Matti Mathisen.